



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER

| Dato | Vår ref. | Dykkar ref. |
|------------|------------|-------------|
| 25.07.2023 | 21/72 - 30 | |

Uttale frå Austrheim kommune om klagepraksis hjå Statsforvaltaren i Vestland på dispensasjonsaker i sone tre for differensiert forvaltning av strandsona

Kommunestyret i Austrheim gjorde i møtet 22. juni 2023 (sak 042/23) vedtak om å senda denne uttalen til Statsforvaltaren i Vestland:

Kommunestyrevedtak:

Me viser til saksutgreiing og til følgjande saker:

1. Flytebyggje på gbnr. 166/1 – Vestre Sævrøy (saksnr. 100/21)
2. Riving av notbu og oppføring av fritidsleiligheter på gbnr. 132/9 – Utkilen (saksnr. 054/22)
3. Flytebyggje på gbnr. 134/2 – Straumstad (saksnr. 086/22)
4. Deling og oppføring av naust på gbnr. 139/7 – Solend (115/22)

Me viser også til presentasjonen som avdelingsdirektør Erik Vieth Pedersen, Kommunal- og distriktsdepartementet held på møtet «Kommunane møter staten» på Solstrand Hotel & Bad 25. januar i år, og til møtet med Statsforvaltar Liv Signe Navarsete i Region Nordhordland 13. januar i år.

Me viser og til rettleiarheftet «Ny næring i gamle bygg i strandsona» som vart gitt ut i 2014 med støtte frå både Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune.

Kommunestyret i Austrheim kommune vil ikkje godta vedtaka som Statsforvaltaren i Vestland har fatta i dei fire sakene me viser til over. Me meiner at Statsforvaltaren sine vedtak heilt klårt bryt med departementet sine retningslinjer for kommunalt sjølvstyre. Me viser her også til regjeringa si Tillitsreform, der det mellom anna heiter: Regjeringa vil gje større fridom til kommunale og regionale myndigheitene, som dei viktigaste tenesteytarane.

Når det gjeld sak 1 og 3, så gjeld dette små flytebyggjer som skal festast i gamle, eksisterande steinbyggjer. Det er altså ikkje snakk om nye inngrep i naturen, men gode tiltak for å gjera det tryggare for brukarane å koma seg til og frå båtane sine. Ingen naboar har klaga på tiltaka, og eit samrøysta formannskap har gått inn for å gje løyve til å leggja ut flytebyggjer i begge sakene i tråd med tilrådingane frå kommunedirektøren.

Når det gjeld sak to, riving av eit næringsbygg som gjekk ut av drift for om lag 50 år sidan, og bygging av eit nytt bygg i same stil for å driva utleigebustadar. Dette må vere heilt i tråd med intensjonane i rettleiaren «Ny næring i gamle bygg i strandsona». Me gjer merksam på at dette bygget ligg i Kilstraumen, like i nærleiken av Kilstraumen Brygge. Kommunen prøver å leggja til rette for utvikling av reiselivsnæringa i Austrheim, og dette området er svært godt eigna til ei slik satsing. Ombygging av

den gamle notbua passar derfor som hand i hanske med kommunen sin reiselivsstrategi. Me stiller også spørsmål om dette i det heile skal vera ei dispensasjonssak. Me snakkar her om eit næringsbygg som ligg i eit område der det har vore næringsaktivitet sidan 1915. Det tilstøytane arealet er LNF-område, men sjølve tomten og kaianlegget har vore eit næringsareal i meir enn hundre år. Også i denne saka var kommunedirektøren positiv til tiltaket, og eit samla formannskap følgde kommunedirektøren si innstilling. Me kan derfor ikkje under noko omstende godta Statsforvaltaren si avgjerd i denne saka.

Sak 4 stiller me oss like undrande til. Her er det snakk om å byggja nye naust i eit eksisterande naustmiljø, der det er opparbeida veg og eksisterande båt plassar. Området er ikkje eit område som vert brukt verken til turgåing eller bading. Fortetting i eksisterande naustmiljø er noko Statsforvaltaren tidlegare har signalisert som gode løysingar i strandsona. Derfor kom kommunedirektøren med ei positiv innstilling til søknaden og eit samla formannskap støtta kommunedirektøren si innstilling. Kommunestyret i Austrheim kan heller ikkje i denne saka godta Statsforvaltaren si avgjerd.

Me ber om at Statsforvaltaren snarast ser på desse fire sakene på nytt, og inviterer med dette Statsforvaltar Liv Signe Navarsete til synfaring i Austrheim kommune. Viss ikkje vedtaka i desse sakene vert endra av Statsforvaltaren i Vestland, vil me senda sakene til Kommunal- og distriktsdepartementet og be om at departementet vurderer om Statsforvaltaren i Vestland følgjer dei nasjonale retningslinjene når det gjeld forvaltning av strandsona for kommunar i sone 3.

Utdrag frå presentasjonen til avdelingsdirektør Erik Vieth Pedersen:

Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen

- SPR utdyper og konkretiserer plan- og bygningslovens bestemmelser om bygging i 100-metersbeltet
 - Reviderte retningslinjer vedtatt i mai 2021
 - Differensiert forvaltning – ulike føringer i ulike deler av landet ut fra utbyggingspress m.m.
 - Kommuner i spredt bebygde strøk med lavt utbyggingspress gis økt handlingsrom (sone 3 og deler av sone 2)
 - Vurdere behovet for statlige planretningslinjer for kystnære sjøområder
-

Sjå elles protokollen frå kommunestyret for denne saka, som er på dei neste sidene. Dei sakene som er nemnde i innleiinga til uttalen har alle vore til Statsforvaltaren tidlegare, her er lagt ved våre saker frå formannskapet og ført på dykkar referanse slik at de kan slå opp i eige arkiv:

1. Flytebyggje på gbnr. 166/1 – Vestre Sævrøy (sak nummer 084/21 og 100/21 (klagehandsaming) i formannskapet i Austrheim) – dykkar referanse 2021/8816.
2. Riving av notbu og oppføring av fritidsleiligheter på gbnr. 132/9 – Utkilen (sak nummer 094/22 og 116/22 (klagehandsaming) i formannskapet i Austrheim), dykkar referanse 2022/10374.
3. Flytebyggje på gbnr. 134/2 – Straumstad (sak nummer 055/22 og 086/22 (klagehandsaming) i formannskapet i Austrheim), dykkar referanse 2022/6095.
4. Deling og oppføring av naust på gbnr. 139/7 – Solend (sak nummer 095/22 og 115/22 (klagehandsaming) i formannskapet i Austrheim), dykkar referanse 2022/9421.

Vennleg helsing
Ketil Tjore
møtesekretær

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen underskrift

Kopi til:

Per Lerøy

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER

Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|--------|---------------|------|------------|
| 052/23 | Formannskapet | PS | 08.06.2023 |
| 042/23 | Kommunestyret | PS | 22.06.2023 |

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------------|--------|------------|
| Asbjørn Nagell Toft | FE-131 | 21/72 |

Uttale frå Austrheim kommune om klagepraksis hjå Statsforvaltaren i Vestland på dispensasjonsaker i sone tre for differensiert forvaltning av strandsona

Vedlegg

Møte med Statsforvaltaren i Vestland

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune viser til saksutgreiinga under som er ein uttale om klagepraksis hjå Statsforvaltaren i Vestland på dispensasjonsaker i sone tre for differensiert forvaltning av strandsona.

Me viser til saksutgreiing og til følgjande saker:

1. Flytebryggje på gbnr. 166/1 – Vestre Sævrøy (saksnr. 100/21)
2. Riving av notbu og oppføring av fritidsleiligheter på gbnr. 132/9 – Utkilen (saksnr. 054/22)
3. Flytebryggje på gbnr. 134/2 – Straumstad (saksnr. 086/22)
4. Deling og oppføring av naust på gbnr. 139/7 – Solend (115/22)

Me viser også til presentasjonen som avdelingsdirektør Erik Vieth Pedersen, Kommunal- og distriktsdepartementet held på møtet «Kommunane møter staten» på Solstrand Hotel & Bad 25. januar i år, og til møtet med Statsforvaltar Liv Signe Navarsete i Region Nordhordland 13. januar i år. Me viser og til rettleiarheftet «Ny næring i gamle bygg i strandsona» som vart gitt ut i 2014 med støtte frå både Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune.

Kommunestyret i Austrheim kommune vil ikkje godta vedtaka som Statsforvaltaren i Vestland har fatta i dei fire sakene me viser til over. Me meiner at Statsforvaltaren sine vedtak heilt klårt bryt med departementet sine retningslinjer for kommunalt sjølvstyre. Me viser her også til regjeringa si Tillitsreform, der det mellom anna heiter: Regjeringa vil gje større fridom til kommunale og regionale myndighetene, som dei viktigaste tenesteytarane.

Når det gjeld sak 1 og 3, så gjeld dette små flytebryggjer som skal festast i gamle, eksisterande steinbryggjer. Det er altså ikkje snakk om nye inngrep i naturen, men gode tiltak for å gjera det tryggare for brukarane å koma seg til og frå båtane sine. Ingen naboar har klaga på tiltaka, og eit samrøysta formannskap har gått inn for å gje løyve til å leggja ut flytebryggjer i begge sakene i tråd med tilrådingane frå kommunedirektøren.

Når det gjeld sak to, riving av eit næringsbygg som gjekk ut av drift for om lag 50 år sidan, og bygging av eit nytt bygg i same stil for å driva utleigebustadar. Dette må vere heilt i tråd med intensjonane i

rettleiaren «Ny næring i gamle bygg i strandsona». Me gjer merksam på at dette bygget ligg i Kilstraumen, like i nærleiken av Kilstraumen Brygge. Kommunen prøver å leggja til rette for utvikling av reiselivsnæringa i Austrheim, og dette området er svært godt eigna til ei slik satsing. Ombygging av den gamle notbua passar derfor som hand i hanske med kommunen sin reiselivsstrategi. Me stiller også spørsmål om dette i det heile skal vera ei dispensasjonssak. Me snakkar her om eit næringsbygg som ligg i eit område der det har vore næringsaktivitet sidan 1915. Det tilstøytane arealet er LNF-område, men sjølve tomta og kaianlegget har vore eit næringsareal i meir enn hundre år. Også i denne saka var kommunedirektøren positiv til tiltaket, og eit samla formannskap følgde kommunedirektøren si innstilling. Me kan derfor ikkje under noko omstende godta Statsforvaltaren si avgjerd i denne saka.

Sak 4 stiller me oss like undrande til. Her er det snakk om å byggja nye naust i eit eksisterande naustmiljø, der det er opparbeida veg og eksisterande båtplassar. Området er ikkje eit område som vert brukt verken til turgåing eller bading. Fortetting i eksisterande naustmiljø er noko Statsforvaltaren tidlegare har signalisert som gode løysingar i strandsona. Derfor kom kommunedirektøren med ei positiv innstilling til søknaden og eit samla formannskap støtta kommunedirektøren si innstilling. Kommunestyret i Austrheim kan heller ikkje i denne saka godta Statsforvaltaren si avgjerd.

Me ber om at Statsforvaltaren snarast ser på desse fire sakene på nytt, og inviterer med dette Statsforvaltar Liv Signe Navarsete til synfaring i Austrheim kommune. Viss ikkje vedtaka i desse sakene vert endra av Statsforvaltaren i Vestland, vil me senda sakene til Kommunal- og distriktsdepartementet og be om at departementet vurderer om Statsforvaltaren i Vestland følgjer dei nasjonale retningslinjene når det gjeld forvaltning av strandsona for kommunar i sone 3.

Utdrag frå presentasjonen til avdelingsdirektør Erik Vieth Pedersen:

Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen

- SPR utdyper og konkretiserer plan- og bygningslovens bestemmelser om bygging i 100-metersbeltet
- Reviderte retningslinjer vedtatt i mai 2021
- Differensiert forvaltning – ulike føringer i ulike deler av landet ut fra utbyggingspress m.m.
- Kommuner i spredt bebygde strøk med lavt utbyggingspress gis økt handlingsrom (sone 3 og deler av sone 2)
- Vurdere behovet for statlige planretningslinjer for kystnære sjøområder

Formannskapet - 052/23 - 08.06.2023

FS - behandling:

Einingsleiar Asbjørn Nagell Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Per Lerøy (AP), det blir jobba i region for å hente inn meir informasjon om presentasjon frå det årlege møte der staten møtar kommunane. .

Inger-Lise Brekke (H), spurte om tilitsreformen kan den vere eit argument i slike saker. Til det svara Asbjørn Nagell Toft at reformen i seg sjølv er meir retta mot at tilsette skal ha tillit i jobben dei gjer. Bjørn Inge Dyrkolbotn (Sp) sa at han ville vore endra krassare i si uttale og fekk svar frå ordføraren at det er det som vert jobba mot før vedtak i kommunestyret.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - vedtak:

Formannskapet tilrår:

Austrheim kommune viser til saksutgreiinga under som er ein uttale om klagepraksis hjå Statsforvaltaren i Vestland på dispensasjonsaker i sone tre for differensiert forvaltning av strandsona.

Kommunestyret - 042/23 - 22.06.2023

KS - behandling:

Avdelingsleiar plan Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Her var det frå partia H og Ap utarbeidd eit nytt framlegg til vedtak, som sakshandsamar Toft refererte til kommunestyret. Framlegget var distribuert også til dei andre partia sine representantar. Ordførar Per Lerøy (Ap) spurte om dette er noko kommunestyret kan stilla seg bak.

Reidar Øksnes (Sp) viste til at ei flytebrygge er det mest skånsame inngrepet ein kan ha, den kan fjernast etterpå, det kan ikkje ein kai. Øksnes spurte vidare om ttalen brenner alle bruer med denne ordlyden.

Reidar Ulvøy (Ap) sa at tiltaket på Ulvøy ikkje burde vore dispensasjonssøknad i det heile, dette var eit næringsområde som eigar ønskjer å bruka til næring. Ba om ei klargjering av om dette skal krevja dispensasjon. Her svara Asbjørn Toft at det var naudsynt med dispensasjon, og at administrasjonen ikkje legg opp til dispensasjonssaker der det ikkje trengst.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det er rett å seia skikkeleg ifrå, men ba om at ein endra «ikkje under nok omstende» til «kan ikkje godta», Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa at det burde vera «vil ikkje». Det fekk støtte frå kommunestyret. Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa vidare at det er skuffande at ikkje statsforvaltar kjem på synfaring.

Ordførar Per Lerøy viste elles til signala som er gitt om å skilja sterkare mellom strandsona 1, 2 og 3. Lerøy sa at uttalen skal språkvaskast noko, før innsending.

Handsaming i kommunestyret:

Ny uttaletekst samrøystes vedteke i kommunestyret

KS - vedtak:

Me viser til saksutgreiing og til følgjande saker:

5. Flytebryggje på gbnr. 166/1 – Vestre Sævrøy (saksnr. 100/21)
6. Riving av notbu og oppføring av fritidsleiligheter på gbnr. 132/9 – Utkilen (saksnr. 054/22)
7. Flytebryggje på gbnr. 134/2 – Straumstad (saksnr. 086/22)
8. Deling og oppføring av naust på gbnr. 139/7 – Solend (115/22)

Me viser også til presentasjonen som avdelingsdirektør Erik Vieth Pedersen, Kommunal- og distriktsdepartementet held på møtet «Kommunane møter staten» på Solstrand Hotel & Bad 25. januar i år, og til møtet med Statsforvaltar Liv Signe Navarsete i Region Nordhordland 13. januar i år. Me viser og til rettleiarheftet «Ny næring i gamle bygg i strandsona» som vart gitt ut i 2014 med støtte frå både Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune.

Kommunestyret i Austrheim kommune vil ikkje godta vedtaka som Statsforvaltaren i Vestland har fatta i dei fire sakene me viser til over. Me meiner at Statsforvaltaren sine vedtak heilt klårt bryt med departementet sine retningslinjer for kommunalt sjølvstyre. Me viser her også til regjeringa si Tillitsreform, der det mellom anna heiter: Regjeringa vil gje større fridom til kommunale og regionale myndighetene, som dei viktigaste tenesteytarane.

Når det gjeld sak 1 og 3, så gjeld dette små flytebryggjer som skal festast i gamle, eksisterande steinbryggjer. Det er altså ikkje snakk om nye inngrep i naturen, men gode tiltak for å gjera det tryggare for brukarane å koma seg til og frå båtane sine. Ingen naboar har klaga på tiltaka, og eit

samrøysta formannskap har gått inn for å gje løyve til å leggja ut flytebyggjer i begge sakene i tråd med tilrådingane frå kommunedirektøren.

Når det gjeld sak to, riving av eit næringsbygg som gjekk ut av drift for om lag 50 år sidan, og bygging av eit nytt bygg i same stil for å driva utleigebustadar. Dette må vere heilt i tråd med intensjonane i rettleiaren «Ny næring i gamle bygg i strandsona». Me gjer merksam på at dette bygget ligg i Kilstraumen, like i nærleiken av Kilstraumen Brygge. Kommunen prøver å leggja til rette for utvikling av reiselivsnæringa i Austrheim, og dette området er svært godt eigna til ei slik satsing. Ombygging av den gamle notbua passar derfor som hand i hanske med kommunen sin reiselivsstrategi. Me stiller også spørsmål om dette i det heile skal vera ei dispensasjonssak. Me snakkar her om eit næringsbygg som ligg i eit område der det har vore næringsaktivitet sidan 1915. Det tilstøytane arealet er LNF-område, men sjølve tomten og kaianlegget har vore eit næringsareal i meir enn hundre år. Også i denne saka var kommunedirektøren positiv til tiltaket, og eit samla formannskap følgde kommunedirektøren si innstilling. Me kan derfor ikkje under noko omstende godta Statsforvaltaren si avgjerd i denne saka.

Sak 4 stiller me oss like undrande til. Her er det snakk om å byggja nye naust i eit eksisterande naustmiljø, der det er opparbeida veg og eksisterande båtplassar. Området er ikkje eit område som vert brukt verken til turgåing eller bading. Fortetting i eksisterande naustmiljø er noko Statsforvaltaren tidlegare har signalisert som gode løysingar i strandsona. Derfor kom kommunedirektøren med ei positiv innstilling til søknaden og eit samla formannskap støtta kommunedirektøren si innstilling. Kommunestyret i Austrheim kan heller ikkje i denne saka godta Statsforvaltaren si avgjerd.

Me ber om at Statsforvaltaren snarast ser på desse fire sakene på nytt, og inviterer med dette Statsforvaltar Liv Signe Navarsete til synfaring i Austrheim kommune. Viss ikkje vedtaka i desse sakene vert endra av Statsforvaltaren i Vestland, vil me senda sakene til Kommunal- og distriktsdepartementet og be om at departementet vurderer om Statsforvaltaren i Vestland følgjer dei nasjonale retningslinjene når det gjeld forvaltning av strandsona for kommunar i sone 3.

Utdrag frå presentasjonen til avdelingsdirektør Erik Vieth Pedersen:

Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen

- SPR utdyper og konkretiserer plan- og bygningslovens bestemmelser om bygging i 100-metersbeltet
- Reviderte retningslinjer vedtatt i mai 2021
- Differensiert forvaltning – ulike føringer i ulike deler av landet ut fra utbyggingspress m.m.
- Kommuner i spredt bebygde strøk med lavt utbyggingspress gis økt handlingsrom (sone 3 og deler av sone 2)
- Vurdere behovet for statlige planretningslinjer for kystnære sjøområder

Saksopplysninger:

Austrheim kommune vil gje følgjande uttale til klagepraksisen til Statsforvaltaren i Vestland:

Statsforvaltaren i Vestland har klaga på ein del positive kommunale dispensasjonsvedtak i strandsona i Austrheim kommune dei siste åra. Sakene vert sendt over til settstatsforvalter for endeleg avgjerd, om formannskapet ikkje tek klagen til følgje

Austrheim kommunen vil presisera at me er i sone tre for differensiert forvaltning av strandsona etter plan- og bygningslova. Dei fire eksempelsakene som er i område med mindre press på strandsona me vil visa til i denne uttalen vår er på stadar det er tiltak frå før (ikkje urørt natur). Desse sakene er:

1. Flytebryggje på gbnr. 166/1 – Vestre Sævrøy (saksnr. 100/21)
2. Riving av notbu og oppføring av fritidsleiligheter på gbnr. 132/9 – Utkilen (saksnr. 054/22)
3. Flytebryggje på gbnr. 134/2 – Straumstad (saksnr. 086/22)
4. Deling og oppføring av naust på gbnr. 139/7 – Solend (115/22)

Dei fire avgjerdsvedtaka frå settefylkesmannen (Statsforvaltaren i Rogaland) er vist under:

1. Statsforvaltaren i Vestland har påklaga kommunen sitt vedtak om dispensasjon for oppføring av flytebryggje. Statsforvaltaren gjer om kommunen sitt vedtak slik at det ikkje blir gitt dispensasjon for oppføring av flytebryggje.

2. Statsforvaltaren i Vestland har klaga på kommunen sitt vedtak om dispensasjon til riving av notbu, oppføring av fritidsbustadar til utleigeverksemd og fjerning av berg. Statsforvaltaren gjer om kommunen sitt vedtak til avslag.

3. Statsforvaltaren gjer om kommunen sitt vedtak av 02.06.2022 til avslag. Det blir ikkje gjeve dispensasjon til utlegging av flytebryggje slik det er søkt om.

4. Statsforvaltaren gjer om kommunen sitt vedtak av 20.10.2022 og avslår søknaden. Klagen er tatt til følgje.

I vedlagt Powerpoint som ordførar Per Lerøy viste Statsforvaltar Liv Signe Navarsete den 13. januar 2023 i møte i Knarvik er desse fire sakene i strandsona presentert på ein oversiktleg måte.

Fagfolka i Austrheim kommune har sjølv sagt vurdert desse fire sakene juridisk og forvaltingsmessig på ein god måte. Kommunedirektøren har tilrådd dispensasjon i alle desse fire sakene. Det er her tale om tiltak i allereie lovleg utbygde område. Formannskapet har gjeve dispensasjon og ikkje teke klagen til Statsforvaltaren til følgje. Alle desse sifire sakene som til slutt vart sendt til Settefylkesmannen har fått avslag.

Med forankring i plan- bygningslova sine reglar for dispensasjon, gjev Austrheim kommune gjerne følgjande grunngjeving for våre positive dispensasjonsvedtak. I lova står det m.a.:

§ 19-1. Søknad om dispensasjon

Dispensasjon krever grunngitt søknad. Før vedtak treffes, skal naboer varsles på den måten som nevnt i § 21-3. Særskilt varsel er likevel ikke nødvendig når dispensasjonssøknad fremmes samtidig med søknad om tillatelse etter kapittel 20, eller når søknaden åpenbart ikke berører naboens interesser. Regionale og statlige myndigheter hvis saksområde blir direkte berørt, skal få mulighet til å uttale seg før det gis dispensasjon fra planer, plankrav og forbudet i § 1-8.

§ 19-2. Dispensasjonsvedtaket

Kommunen kan gi varig eller midlertidig dispensasjon fra bestemmelser fastsatt i eller i medhold av

denne lov. Det kan settes vilkår for dispensasjonen.

Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, hensynene i lovens formålsbestemmelse eller nasjonale eller regionale interesser, blir vesentlig tilsidesatt. Fordelene ved å gi dispensasjon skal være klart større enn ulempene. Det kan ikke dispenseres fra saksbehandlingsregler.

Ved dispensasjon fra loven og forskriften til loven skal det legges særlig vekt på dispensasjonens konsekvenser for helse, miljø, jordvern, sikkerhet og tilgjengelighet.

Departementet kan i forskrift gi regler for omfanget av dispensasjoner og fastsette tidsfrist for behandling av dispensasjonssaker, herunder fastsette tidsfrist for andre myndigheters uttalelse i dispensasjonssaker og gi regler om beregning av frister, adgang til fristforlengelse og konsekvenser av fristoverskridelse.

Etter lova er det kommunestyret, eller dei som kommunestyret har delegert mynde til, som har høve til å gje dispensasjon. I Austrheim kommune har kommunestyret delegert slik fullmakt til formannskapet. For at eit tiltak skal vera kvalifisert for dispensasjon er det to krav i lova som må vera innfridd.

1. Dispensasjon kan ikkje innvilgast dersom omsynet bak bestemmelsen det vert dispensert frå, omsyna i lova sin føremålsbestemmelse eller nasjonale eller regionale interesser, blir vesentleg tilsidesett.

2. Fordelane ved å gje dispensasjon skal vera klart større enn ulempene.

Kommunestyret legg til grunn at dispensasjonskapittelet i lova er teke med fordi det frå tid til anna er naudsynt og fornuftig å tillata gjennomføring av tiltak som i utgangspunktet er i strid med lova og vedtekne planar. For å avgjera om ei dispensasjonssak er innafor krava i lova, må ein gjera grundige vurderingar av kvart einskild tiltak, og til slutt sjå om dette kvalifiserer til dispensasjon. Ei sak kan ikkje avgjerast på grunnlag av meir generelle vurderingar.

I sakene våre (vedlagt) er Austrheim kommune si vurdering at ein dispensasjon ikkje vil setja omsyna i lova sitt føremål eller regionale eller nasjonale interesser vesentleg til side. Kommunestyret kan heller ikkje sjå at vedtak om å gje dispensasjon i desse sakene ville få negative konsekvensar for helse, miljø, jordvern, tryggleik eller tilgjenge. Dei omsøkte sakene våre avgrensar heller ikkje ålmenta sin tilkomst og bruk av strandsona. Områda er alt teke i bruk og det er eldre byggjetiltak der frå før, det er ikkje urørt natur. Kommunestyret meiner såleis at strandsonevernet er ivareteke i desse sakene ved at områda alt er teke i bruk, og at dei omsøkte tiltaka er små. Så langt kommunestyret kan sjå ville heller ikkje dei omsøkte tiltaka få negative konsekvensar for miljø og naturmangfaldet i kommunen vår.

Austrheim kommune har lang strandsone og det er mange øyar som det er populære å ferdast på for ålmenta, både til fots og med båt. Omsøkte tiltak gjer gjerne båttilkomsten tryggare for eigar, men det opnar for at ålmenta får ein sikrare hamn/kai om noko skjer, eller dei vil gå inn ein stad for å rasta. Kommunestyret meiner og at dispensasjon i desse sakene heller ikkje ville ha skapt uheldig presedens. Kvart ulikt tiltak vert og vurdert ut frå kva landskapsverdiar, bruksområde, naturgjevne verdiar, miljø, klima, HMS og kulturverdiar som er på det aktuelle området. Også klimatilpassing til eit villare og våtare ver vert vurdert her, havnivåstigninga framover også.

Austrheim kommune er plassert i sone tre for differensiert forvaltning av strandsona etter plan- og bygningslova. Det vil seia at det er opna for meir lokalt sjølvstyre og større rom for å gje dispensasjon. I statlige planretningslinjer om differensiert forvaltning av strandsona står det *i 10,1 at tiltak bare kan tillates etter konkret vurderte lokale tilhøve*, og det meiner kommunestyre at er gjort i desse sakene i vår kommune. Det klare utgangspunktet er etter Austrheim kommune si vurdering at utvikling skal skje i plan, men i Austrheim kommune er det umogleg å planlegge finmaska detaljer i kommuneplanprosessen for heile den utbygde strandsona. Omsøkt tiltak vil berre medføra endring av marginal karakter, og vil ikkje tilsidesette omsyna bak byggjeforbodet eller deleforbodet eller LNFR i «vesentlig» grad.

Ut frå det som her er lista opp, kan ikkje kommunestyret sjå at det var ulemper ved å gje dispensasjon i desse fire sakene, verken for offentlege interesser, ålmenta eller grunneigar. Derimot ville eit positivt vedtak på desse søknadane gje store fordeler for mange, og ha positive verknader for andre som vil ta seg i land og bruka strandsona vår. Folk treng og naust og flytebyggjer for å ta vare på båtar, fiske, og sjøreiskaper, særleg i vinterhalvåret og i det harde kystklimaet her, dette er klimatilpassing og berekraftig bruk.

Austrheim kommune oppmodar Statsforvaltaren i Vestland å sjå på desse fire dispensasjonsakene på nytt, men oppmodar og til endra praksis i liknande dispensasjonssaker som kan koma i tida som kjem.

Austrheim kommune ber og om at dersom Statsforvaltaren i Vestland vurderer å klaga i slike dispensasjonsaker vert med på synfaring, og har drøftingsmøte med kommunen før det vert teke endeleg avgjerd i sakene. Mange saker i vår kommune gjeld gjerne mindre flytebyggjer/kaiar som vil gje ein tryggare og betre tilkomst til og frå land frå mindre båtar. Her er det gjerne glatt og sleipt i dag, og flo og fjøre gjev stor høgdeforskjell. Andre saker gjeld gjerne fortetting i eksisterande naustmiljø og/eller fornying/rehabilitering av eldre falleferdige bygg.

Austrheim kommune vonar på ein god samhandling med Statsforvaltaren i Vestland i tilsvarande dispensasjonsaker i sone tre i strandsona vår framover.

Konklusjon:

Austrheim kommune viser til saksutgreiinga over som er ein uttale frå kommunen om klagepraksis hjå Statsforvaltaren i Vestland på dispensasjonsaker i sone tre for differensiert forvaltning av strandsona.